



Referansar: NFG 47/07, 06/08, 23/08, KR 31/08, 10/10, 23/10, BM 18/10, KR 42/10, KM 7/10, KR 7/11

Saksdokument:

KM 6.1.1/11	register over fortellingene 2011.doc	
KM 6.1.2/11	register tekstbok 2011.doc	
KM 6.1.3/11	Notat om bots- og bededag 2011.doc	
KM 6.1.4/11	Forslag til Tekstbok for Den norske kirke – til behandling på Kirkemøtet 2010 (tilsendt til KM 2010)	

Gudstenestereforma - Tekstbok - 2011

Samandrag

Kyrkjemøtet handsama i 2006 hovudprinsippa for nye tekstrekker (KM 09/06) og slutta seg til den tilrådinga for utarbeiding av ny tekstbok som låg i innstillinga frå Kyrkjerådet: Eit nytt tekstrekkesystem med tre rekker, etter det som vart kalla ein nordisk modell.

Kyrkjerådet handsama forslaget til ny tekstbok i juni 2008 (sak 31/08) og sende denne ut på høyring. Forslaget til ny tekstbok på bakgrunn av høyringsprosessen vart oversendt til Kyrkjemøtet i 2010 med fråsegna frå Bispemøtet som vedlegg.

Kyrkjerådet kjem med framlegg til ei fullstendig tekstbok med forteljningar til kvar sundag og merkedagar og eit register over poetiske tekstar.

Kyrkjerådet har arbeidd med kommentarane og vedtaka frå Kyrkjemøte og legg med dette fram forslag til ny tekstbok for Den norske kyrkja

Dokumentet vidare brukar *Framlegget* eller *Framlegg til ny tekstbok* om utgåva som no går til Kyrkjemøtet, altså Framlegg til tekstbok 2010. Når det framlegget som var høyringsdokument vert omtalt, heiter det Framlegget – 2008.

Framlegg til vedtak

Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å gjera følgjande vedtak:

1. Kyrkjemøtet vedtek Framlegget til ny Tekstbok for Den norske kyrkja med følgjande endringar

a) Ny tekstrekke for Lysmesse i Adventstida

Kyrkjerådet går inn for tre rekkjer for temadag Lysmesse i adventstida. Rekkje to og tre er felles med Kyndelsmesse.

<i>I</i>	Jes 42,5-6	Eit ljøs for folkeslaga
	2 Kor 4,6	Ljoset i hjarto våre
	Joh 1,9-12	Ljoset kom til verda
<i>II</i>	<i>Salme 119,101-105</i>	<i>Eit ljøs på min stig</i>
	<i>1 Joh 2,7-13</i>	<i>Det sanne ljøs skin alt no</i>
	<i>Luk 1,76-79</i>	<i>Gjesta oss som ein soloppgang</i>
<i>III</i>	<i>Salme 89,12-18</i>	<i>vandre i ljøs</i>
	<i>Op 22,1-7</i>	<i>Herren Gud skal lysa</i>
	<i>Joh 8,12</i>	<i>eg er ljøs for verda</i>
<i>F</i>	<i>Luk 2,22-40</i>	<i>Jesus blir bore fram i tempelet</i>

b) Ny tekst på 2.juledag,tredje rekkje

Teksten frå evangeliet på 2.juledag,tredje rekkje, Matt 23,34–37, vert erstatta med Joh 16,1–4a (ny)

<i>2julIII</i>	<i>III</i>	<i>Klag 3,52-57</i>
<i>2julIII</i>	<i>III</i>	<i>Fil 1,27-30</i>
<i>2julIII</i>	<i>III</i>	<i>Joh 16,1-4a</i>

c) Avgrensing av tekstar frå 2 Kor 5 på 4. søndag i fastetida II og 2. påskedag III:

Endring av avgrensing av tekstar frå 2 Kor 5 på 4. søndag i fastetida II og 2. påskedag III:

4. søndag i fastetida II: 2 Kor 5,18-21

2. påskedag III: 2 Kor 5,14-19

d) Ny tekstrekke for pinseaftan, første rekkje

<i>Pinseaft</i>	<i>I</i>	2 Mos 24,3 – 11
<i>Pinseaft</i>	<i>I</i>	Ef 2, 17-22
<i>Pinseaft</i>	<i>I</i>	Joh 7,37-39

e) Ny GT tekst Treeiningssøndagen, endringar 2. søndag i openberringstida og 8.søndag i treeiningstida

Treeiningssøndagen, Jes 42,5–10 går ut. 5 Mos 6,4-9 går inn som ny tekst

2.søndag i openberringstida, Teksten frå Jes 42 utvidast til Jes 42,1–6

8.søndag i treeiningstida III vert 5 Mos 6,4–9 erstatta med Jos 22,1–6

f) Ny evangelietekst på Olsok første rekkje.

Olsok: Ny tekst evangeliet første rekkje: Joh 12,24-26. Teksten erstattar Joh 21,15-18

g) Utviding av tekst på 15.søndag i treeiningstida

Ny avgrensing av teksta frå 2 Mos 19: 2 Mos 19,1-6

h) Endringar på 16.søndag i treeiningstida

- Tredje rekkje Framlegget får desse tekstane:
Ny rekkje:

<i>16sit</i>	<i>III</i>	<i>Ordt 9,1-5</i>
<i>16sit</i>	<i>III</i>	<i>1.Kor 1,18-25</i>
<i>16sit</i>	<i>III</i>	<i>Matt 11,16-19</i>

- b) Salme 13,2-6 erstattar Sal 90,13-17 i II rekkje, 16.søndag i treeiningstida.

i) Ny poetisk tekst på Kyndelsemesse: Sal 121,5–8

j) Det vert ein ny temadag i Kyrkjeåret med namnet: Reformasjonssundagen.

- Reformasjons-søndagen har ei tekstrekke:
I Sal 46,1-8
I Rom 1,16-17
I Joh 1,16-17
P Sal 46
F 1 Sam 17,3-11.37-50
- b) Endring på Sãmamnssøndagen: Hebr 4,12-14 erstattar Rom 1,16-17

k) Endringar i fortelingstekstane:

6. søndag i openberringstida, Mark 4,35-41 Jesus stiller stormen erstattar Kuk 12,35-40.

6. søndag i påsketida, Joh 2,1-11 Bryllaupet i Kana, erstattar 1 Krøn 28,1-21

Reformasjonsdagen, 1 Sam 17,3-11.37-50 David og Goliat

2. Kyrkjemøtet ber om at det blir utarbeidd ein minikanon med hovudtekstar for kyrkjeåret. Kyrkjemøtet ber om at dette arbeidet blir framskunda slik at ein rekk å handsame ein slik kanon i Kyrkjerådet etter reglane om forsøkssaker, innan ny tekstbok vert teke i bruk 1. søndag i advent 2011.

3. Kyrkjemøtet ber Det norske bibelselskap om at eit arbeid med å omsetje alle tekstane i tekstboka til dei tre samiske språka vert prioritert.

DEL 1 Saksorientering

Framlegg til ny tekstbok var til første handsaming i Kyrkjemøtet 2010. Saka i to omgangar oppe til handsaming i plenum.

I DEL 1, Saksorienteringa frå protokollen frå Kyrkjemøtet 2010:

- 2.komiteinnstilling med komiteens forslag til vedtak,
- 2.handsaming i plenum med endringsforslag og votering,
- Kyrkjemøtet sitt vedtak, frå side 16

Deretter følgjer DEL 2 Saksframlegget med drøfting av dei ulike forslaga, frå s

Kyrkjemøtets protokoll frå sak 7/10:

Innstilling, 2.komiteinnstilling.

Komiteen viser til saksutgreiinga og det omfattande arbeidet som er gjort med utarbeidinga av ny tekstbok for Den norske kyrkja. Utprøvinga og høyringa har saman med det offentlege ordskifte og andre innspel, medverka til kvalitetssikring av eit viktig og omfattande arbeid. Komiteen vil samstundes understreke kor stor betydning teksttrekkjene har for kyrkje og samfunn og har store forventningar til innføringa av ny tekstbok.

Komiteen sluttar seg til hovudlinene i saksframstillinga, men vil framheve følgjande punkt og kome med nokre utdjupande kommentarar og endringar.

Hovudtema 1 Prinsipp som ligg til grunn for tekstboka

Komiteen viser til det grunnlaget som vart lagt i utgreiingsarbeidet for ny tekstbok gjennom KM si handsaming i sak 09/06 "Valg av hovedprinsipp for nye teksttrekker." Komiteen gleder seg over at ein større del av det bibelske materiale vil kome til uttrykk i gudstenestefeiringa gjennom tre teksttrekkjer i staden for to rekkjer, slik Kyrkjemøtet i 2006 la til grunn for det vidare utviklingsarbeidet. Komiteen viser til at Bibelselskapet vil lansere ny Bibelomsetjing hausten 2011 og rår kyrkjelydane til å bruke dei høva som ein ny Bibel og ei ny tekstbok gir for å auke bruken og merksemda rundt Bibelen. Komiteen understrekar også at evangelieteksten har ein konstituerande funksjon for tekstsamansettinga og er gudstenesta sitt sentrum. Forslaget i hovudgudstenesta om at kyrkjelyden sit under dei to første tekstlesingane og reiser seg og syng t.d. eit halleluja vers når evangelieteksten skal lesast, underbyggjer dette.

Komiteen har drøfta kva ein forstår med tre rekkjer og ser at framlegget har freista å balansere ivaretakinga av viktige tradisjonar i kyrkjens arv, samstundes som ein har freista å hente inn fleire tekstar i ein nyskapande dynamikk. Komiteen vil streke under at dei tre rekkjene har same status, og at alle rekkjene vil ivareta djupna og kjernen i det som uttrykkjer bodskapen til kyrkja.

Komiteen har drøfta spenninga mellom p.d.e.s. fokuset på sentrale tekstar som vert gjenteke fleire gonger og p.d.a.s. ønsket om at tekstboka skal representere ei stor breidde av tekstar. Nokre har framheva at det breie utvalet av tekstar som ligg i det å ha tre

tekstrekkjer kan medføre at sentrale evangelietekstar for sjeldan vert lesne. Det at mange menneske ikkje går i kyrkja regelmessig, aukar sårbarheita i dette. Komiteen er blitt bedt om å vurdere dette prinsippet og å leggje fram forslag til at fleire sentrale evangelietekstar kan lesast i fleire rekkjer.

Komiteen viser til omfattande drøftingar av dette då ein fekk nye tekstrekkjer i 1977. Ein innførte då tre tekstar til kvar gudsteneste, med ei første lesing frå Det gamle testamentet. Då vart det slutt på at evangelieteksten i første rekkja alltid vart lesen. Kyrkjemøtet si handsaming av hovudprinsippa for nye tekstrekkjer (KM 09/06) støtta utarbeidinga av ny tekstbok med tre fullstendige rekkjer og at dette ville gi eit breiare tilfang av bibeltekstar enn det ein har i dag. Høyringa på tekstboka gir også støtte til det prinsippet som er lagt til grunn for utarbeiding av ny tekstbok: 82 % sa seg samde i dette.

Komiteen viser til at breidda i kyrkjeåret gir god konsentrasjon rundt dei sentrale tekstane i evangelia. Komiteen viser til forslaget om at det vert utarbeidd ein minikanon, og meiner denne møter behovet til gjentakning av sentrale tekstar.

Komiteen deler også KM-06 si forståing av ein omarbeidd nordisk modell og at namnet på boka skal vere ”Tekstbok for Den norske kyrkja.”

Komiteen sluttar seg til tilrådinga om at søndagane i kyrkjeårstidene vert kalla ”i” i staden for ”etter”, t.d. ”i påsketida”, t.d. 2. søndag etter påske vert til 3. søndag i påsketida . Dette er med på å styrke medvitet om kyrkjeåret.

Komiteen går også inn for nemninga ”treeiningstida” som ny nemning på tida etter pinse. Dette vil vere med på å skape medvit om eit halvår forankra i trua på den treeinige Gud.

Komiteen sluttar seg til prinsippet om at kyrkjeårsdagane kjem til syne utan særskilde tematiske overskrifter, og at ein har valt ut tekstar frå GT og NT som opnar for gode samspel mellom tekstane.

Komiteen sluttar seg til det som er skrive i sakshandsaminga om inkluderande språk / tekstutval og oppmodar om at ein held fast på dette når tekstane skal innførast i kyrkjelydane.

Komiteen sluttar seg til saksframlegget om justert start og omstokking av subjekt og verb slik at ein får ein inngang til lesinga som gir god mening. Komiteen vil samstundes framheve at desse endringane vert gjort slik at dei ikkje fører til endra forståing av innhaldet i teksten.

Komiteen støttar dei forslaga om prinsipp som ligg til grunn for tekstboka.

Hovudtema 2 Forteljing og poetiske tekstar

Komiteen sluttar seg til høvet å bruke poetisk tekst og oppmodar Kyrkjerrådet til å vidareutvikle dette materialet.

Komiteen sluttar seg med glede til rekkja med forteljingstekstar, og ber om at det vert utvikla idé- og metodemateriell til bruken av desse forteljingstekstane.

Hovudtema 3 Bots- og bededag

Komiteen ser at det er gode grunnar for både å halde fast Bots- og bededag på den noverande plasseringa som siste søndag i oktober og som ny plassering på 20.søndag i treeiningstida.

Samanhengen mellom bots- og bededagen og helgemesse er særnorsk. Nokre vil halde på bots- og bededag der han er i dag og argumenterer for dynamikken mellom Bots og bededag og Helgemessesøndag. Andre vil endre den gjeldande ordninga og argumenterer dels med at folk feirar minnedag denne dagen, og dels med korleis ein forstår ”bot”.

I høyringa var det fleirtal for forslaget i Framlegget: 60 % vil ha søndagen som 20. søndag i treeiningstida, og 30 % vil halde på den noverande ordninga. Det kjem fram frå høyringa at to faste søndagar etter einannan vil fortrenge viktige tekstar. Det har også i utgreiinga av ei ny tekstbok blitt framheva at det er krevjande å ha to søndagar etter einannan som grip inn i ein viktig del av søndagane i treeiningstida og skyv bort einskildsøndagar slik at dei berre sjeldan vert feira. I Tekstboka frå 1977 har dette vore ei stor utfordring. Sentrale dagar som t. d. 23. søndag etter pinse, med m.a. barneevangeliet som preiketekst, har berre sjeldan vore i bruk då han har blitt trengt bort av kombinasjonen Bots- og bededag /Helgemesse. Konsekvensen av å halde Bots- og bededag på den noverande staden vil vere:

- 20. søndag vil falle bort 6 gonger på 30 år,
- 21. søndag vil falle bort 13 gonger,
- 22. søndag vil falle bort 14 gonger,
- 23. søndag vil falle bort 11 gonger og
- 24. søndag vil falle bort 10 gonger.

T.d vil teksten om den rike bonden falle bort tre av ti gonger i komande 30-års periode på grunn av Bots- og bededag, i tillegg til at han fell bort to gonger på grunn av Helgemessesøndag. Han vil altså bli lesen berre fem av ti gonger på 30 år.

Komiteen leverer ei delt innstilling på dette spørsmålet:

Eit fleirtal i komiteen (9) sluttar seg til vedtaket om at Bots- og bededag skal leggjast til 20. søndag i treeiningstida. Namnet på dagen vil då vere Bots- og bededag / 20. søndag i treeiningstida.

Eit mindretal (5) ønskjer å halde fast ved den noverande ordninga.

Om Bots- og bededag vert verande vil teksten vere den som står oppsett på 20. s. i treeiningstida. Om Kyrkjemøtet konkluderer med at dagen vert ståande som søndag før Helgemessesøndag, ber komiteen om at tekstane i Framlegget på 20.søndag i treeiningstida vert flytta til Bots- og bededag og at det vert utarbeidd ei ny rekkje for 20. s. i treeiningstida.

Hovudtema 4 Presentasjon av kyrkjeårstidene og tekstane

Advent

Komiteen har drøfta dei innspela som kom om tekstrekkjene i adventstida. Adventstida står i ein klar historisk kyrkjeårstradisjon for søndagane i adventstida. På same tid er desember tydeleg prega av juleførebuing. Komiteen viser til at Framlegget har teke høgde for dette spennet og gjort vesentlige endringar i høve til tekstboka frå 1977. Særleg er dette uttrykt i endringane for 2. og 4.søndag i adventstida. Temaet for 2. søndag i adventstida er i tråd med kyrkjas historie, medan tekstutvalet er endra for 4. søndag i adventstida. Tekstane på denne søndagen er heilt nye og har fått karakter av ei førebuing til jul. Denne dagen kjem ofte tett opp til juledagane.

Komiteen kjem med forslag til utarbeiding av ei tekstrekkje for lysmesse i adventstida som kan supplere rekkjene for dei fire søndagane i adventstida.

2.juledag

Stefanusdagen har lengre historie som merkedag enn det juledagen har. I arbeidet har det vore drøfta om 2.juledag skal ha julepreg, eller om han skal ha preg av å vere Stefanusdagen.

Komiteen støttar forslaget om 2. juledag med fokus på martyrane og høve til å velje tekstar frå Juledag, dersom ein ikkje har hatt gudsteneste denne dagen.

Vingardssøndag

Hovudargumentet for å flytte denne er at openberringstida ofte vert svært kort. Ein går rett frå Kristi openberring til Kristi forklåring og Fastelavn. Framlegget - 2008 om å flytte Kristi forklåringstid vart kritisert, og for å gjere openberringstida lenger, kjem Framlegg til ny tekstbok med forslag om at ein flyttar Vingardssøndagen til hausten.

Saksframlegget foreslo å plassere Vingardssøndagen som 12. søndag i treeiningstida. 12. søndag i treeiningstida kjem i overgangen august – september. Innafor krinsen av søndagar som har tema 11.-15. i treeininga foreslår komiteen 14. søndag i treeininga.

12. søndag i treeiningstida vil falle slik dei første 30 åra:

19/8 2012, 11/8 2013, 31/8 2014, 16/8 2015, 7/8 2016, 27/8 2017, 12/8 2018, 1/9 2019, 30/8 2020, 22/8 2021, 28/8 2022, 27/8 2023, 11/8 2024, 31/8 2025, 16/8 2026, 8/8 2027, 27/8 2028, 12/8 2029, 1/9 2030, 24/8 2031, 8/8 2032, 28/8 2033, 20/8 2034, 5/8 2035, 24/8 2036, 23/8 2037, 5/9 2038, 21/8 2039, 12/8 2040, 7/9 2041

Forslag til vedtak: Komiteen støttar framlegget om å flytte Vingardssøndag til 14. søndag i treeiningstida.

Pinseaftan

For å styrke pinsefeiringa ber komiteen om at det vert sett opp forslag til tekstar for pinseaftan. Det kan gjerne vere som ei rekkje.

Domssøndag

Tekstane denne dagen er sterke, og er med på å gi meining til søndagen. I fleire av våre søsterkyrkjer heiter denne dagen Kristi kongefest / Kristi kongedag.

Forslag til vedtak: Dagen endrar namn frå Domssøndag / siste søndag i kyrkjeåret til: Domssøndag / Kristi kongedag.

Gjennomgang av einskildtekstar

2. juledag tredje rekkje

Komiteen ber om at ein finn ein annan evangelietekst for 2. juledag tredje rekkje i staden for Matt 23,34-37.

4. søndag i faste: Visdomen

Komiteen har drøfta framlegget om å sette inn to nye tekstar, GT og NT på tredje rekkje 4. søndag i faste: Ordt 9,1-5 (Visdomsmøya ber inn til måltid) og Matt 11,16-19 ("Vi bles på fløyte...men Visdomen har fått rett, det syner gjerningane hans".)

Eit mindretal (2) støttar framlegget og eit fleirtal (12) går i mot. Fleirtalet argumenter med at ein ikkje vil miste Joh 6,24-36 som evangelietekst. Joh 6 er ein av fastetidens kjernetekstar. Om Matt 11 kjem inn i staden for, er det ingen tekstar om brød igjen på denne dagen, og i praksis er då siste rest av midtfastesøndagen borte. Komiteen meiner at tekstane som står i framlegget er godt eigna til 4. søndag i fastetida.

Ordtøketeksten er ein flott tekst om visdommen. Framlegget har henta inn ein annan tekst om visdommen på Juledag: Ordt 8,1-2.22-31.

Ein grunn for å knytte Visdomen til Joh 6, kan vere det siste verset: " men Visdomen har fått rett, det syner gjerningane hans." Ordt 9 (Visdomsmøya ber inn til måltid) har og ein del felles motiv med Jes 55,1-7 på 2. søndag i fastetida 3. rekkje, og kunne kome i staden, men då fell "Søk Herren medan han er å finne,..." bort.

Jes 55,1-3 er også sett opp på 3. søndag i openberringstida 2. rekkje. Der kunne Ordt 9,1-5 kome inn i staden, og stå saman med Op 22,16-17 om Anden og brura som seier "Kom!" og om livsens vatn, og Jesu samtale med kvinna ved brunnen.

Forslaget til vedtak: Salomos Ordtøke 9,1-5 kjem inn som GT- tekst 3.søndag i openberringstida 2.rekkje.

4. søndag i fastetida 2. rekkje og 2. påskedag 3. rekkje

Komiteen ber om at lengda på teksten frå 2. Kor 5,19-21 vert justert og at 2 Kor 5,14-18, vert eitt vers lengre.

Pinseaftan

For å styrke pinsefeiringa ber komiteen om at det vert sett opp framlegg til tekstar for pinseaftan. Det kan gjerne vere som ei rekkje.

Sinaipakta er framme i 2 Mos 19,1-5 på 15. søndag i treeiningstida II og 2 Mos 20,1-17 på 11. søndag i treeiningstida II, Komiteen ønskjer at teksten om Sinaipakta også kjem inn på pinseaftan.

Treeiningssøndag 1. rekkje og 8. søndag i treeiningstida

Komiteen ber om at ein vurderer 5 Mos 6,4-9 (Du skal elske Herren din Gud) som tekst på treeiningssøndagen i første rekkje og finn ei høveleg stad for Jes 42,5-10 (Eit lys for folkeslaga).

Samstundes stryk ein 5 Mos 6,4-9 frå 8. søndag i treeiningstida og set inn ein høveleg tekst der.

15. søndag i treeiningstida, 2. rekkje

På 15. søndag i treeiningstida andre rekkje, vil komiteen utvide teksten frå GT 2 Mos 19,1-5 til 19,1- 6.

2 Mos 19,6: ” De skal vera eit kongerike av prestar og eit heilagt folk for meg. Desse orda skal du tala til israelittane.” Det høver seg at denne siste delen av Guds tale kjem med i teksten.

Kyndelsmesse

Komiteen ber om Sal 121,5-8 som poetisk tekst denne dagen.

Samefolkets dag

Komiteen peikar på at dette vil vere første tekstbok for Den norske kyrkja kor det er eigen tekstrekkje for samefolkets dag. Framlegget har henta innspel frå mellom anna Samisk kyrkjeråd og fagpersonar på samisk kyrkjeliv.

Olavsdagen / Olsok

Komiteen ber om at lova om kveitekornt lyder på Olsok. (Joh 12,24-26), og at denne teksten erstattar ein av dei oppsette evangelietekstane.

Joh 12,20-33 finn ein elles på Fastelavnssøndag 2. rekkje og Joh 12,12-24 kjem på Palmesøndag 1. rekkje.

Om denne teksten også skal inn på Olsok, ønskjer komiteen at han skal vere i 1. rekkje i staden for Joh 21,15-19 om *Jesus og Peter*, som også vert lesen på 2. søndag i påsketida 2. rekkje. Kveitekornteksten vil høve godt til GT- og epistelteksten som er satt opp.

Reformasjonsdagen 31.oktober

Komiteen foreslår at det vert utarbeidd eit framlegg til ei tekstrekkje for reformasjonsdag.

Namn på temadagar

Det er ein fordel at namna under temadagane har same form: For skaparverket, For kristen einskap, For rettferd og fred og For forfølgde.

Komiteen foreslår likelydande nemning for desse tekstrekkjene.

For forfølgde.

Komiteen har drøfta forslaget om kva ein skal kalle denne dagen. Komiteen går ikkje inn for formuleringa "For de forfulgte" då ei slik formulering lett skaper eit skilje mellom "dei" og "oss".

Forteljingar

Komiteen viser til den overveldande støtta framlegget om forteljingstekstane fekk i høyringa. Desse tekstane vil gjere gudstenestelivet rikare, ikkje berre for barn og ungdom, men også for vaksne.

Komiteen har følgjande forslag til nye forteljingstekstar:

Komiteen ber om at forteljinga om David og Goliat 1 Sam 17 kjem inn på 6. søndag i påsketida og ein tek ut den oppsette teksten til 6. søndag i påsketida frå 1 Krøn 28,1-21.

Komiteen går inn for Bryllaupet i Kana (Joh 2,1-12) som forteljingstekst og forteljinga om Jesus som stiller stormen (Luk 8,22-25).

Komiteen ber om at følgjande forteljingstekstar vert tekne ut:

Komiteen ber om at ein fjernar forteljingsteksten frå 6. søndag i openberringstida, Luk 12, 35-40 og den oppsette teksten til 6. søndag i påsketida frå 1 Krøn 28,1-21.

Andre forhold

Komiteen oppmodar om at tekstboka vert tilrettelagt for teiknspråk.

Komiteen har også drøfta forslag som har kome inn om utarbeiding av tekstar for husgrupper og liknande. Komiteen meiner at utvalet av tekstar gir høve til bruk i mange samanhengar, også desse.

Framlegg til vedtak

1. Kyrkjemøtet vil streke under at ei ny tekstbok viktig for Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet viser til at tekstbok og ny bibelomsetjing kjem samstundes og vonar dette vil medføre fornyta fokus på Bibelens vitnemål om Jesus Kristus
2. Kyrkjemøtet ber om at framlegget til tekstbok, med dei endringane som er gjort greie for i komiteinnstillinga, vert sendt til Kyrkjerådet for å arbeidast vidare med i samsvar med sakshandsamingsreglane for liturgisaker og den prosedyren som Kyrkjemøtet har vedteke for gudstenestereforma.
3. Kyrkjemøtet sluttar seg til dei prinsippa som ligg til grunn for tekstboka og går inn for at ho vert kyrkja si tekstbok frå 1. søndag i advent2011, med dei endringane som følgjer nedanfor.
4. Namn og kyrkjeårstider.
 - a) Kyrkjemøtet legg til grunn at søndagane i kyrkjeåret blir kalla **søndagar** i staden for den noverande nemninga **søndagar etter**.

b) Kyrkjemøtet legg til grunn at ein skal nytte namna **treeiningssøndag** og **treeiningstida**.

c) Kyrkjemøtet legg til grunn at følgjande søndagar vert gitt nye namn:

- Romjulssøndag; tidlegare søndag etter jul
- Søndag før pinse; tidlegare 6. søndag etter påske
- Aposteldagen/6. søndag i treeiningstida
- Bots- og bededagen/20. søndag i treeiningstida
- Domssøndagen/Kristi kongedag

d) Kyrkjemøtet legg til grunn at temadagane får dei namna som er foreslått i Framlegget.

5. Flytting av dagar i kyrkjeåret

a) Kyrkjemøtet ønskjer at Bots- og bededag vert flytta til 20. søndag i treeiningstida.

b) Kyrkjemøtet ønskjer at Vingardssøndagen vert flytta til 14. søndag i treeiningstida

6. Endringar og tillegg i teksttrekkjene.

a) Kyrkjemøtet ber om at det blir sett opp teksttrekkjer for Lysmesse i adventstida.

b) 2. juledag, 3. rekke: Kyrkjemøtet rår til at Matt 23, 34-37 vert erstatta med ein annan tekst

b) 4. søndag i fastetida/2. påskedag: Komiteen ber om ein 4. søndag i fastetida, 2. rekkje, les 2. Kor 5, 18-21, og at ein 2. påskedag, 3. rekkje les 2. Kor. 5, 14-19.

c) Pinseaftan: Kyrkjemøtet ber om at det settast opp ei teksttrekkje for denne dagen.

d) Treeiningssøndag: Kyrkjemøtet ber om at ein vurderer 5. Mosebok 6,4-9 som tekst i første rekkje, og at ein finn ein annan høveleg plass for Jesaja 42, 5-10.

e) Olsok: Kyrkjemøtet ber om at Joh 12, 24-26 vert nytta som evangelietekst i 1. rekkje.

e) 15. søndag i treeiningstida: Kyrkjemøtet ber om at teksten frå 5. Mos 19 vert utvida til versa 1-6.

f) 16.søndag i treeiningstida. Kyrkjemøte ber om at tekstene i tredje rekkje vert vurdert på nytt.

g) Kyndelsmesse: Kyrkjemøtet ber om at Salme 121, 5-8 vert nytta som poetisk tekst denne dagen.

h) Kyrkjemøtet ber om at det vert sett opp ei teksttrekkje for Reformasjonsdagen, 31.10.

7. Nye forteljingar

a) Kyrkjemøtet ber om at forteljingsteksten på 6. søndag i openberringstida vert bytta ut med ei anna forteljing.

b) Kyrkjemøtet ber om at ein finn plass til desse forteljingane:

- Forteljinga om David og Goliat
- Bryllaupet i Kana
- Jesus stiller stormen

8. Kyrkjemøtet ber om at det blir utarbeidd ein minikanon med hovudtekstar for kyrkjeåret. Kyrkjemøtet ber om at dette arbeidet blir framskunda slik at ein rekk å handsame ein slik kanon i Kyrkjerådet etter reglane om forsøkssaker, innan ny tekstbok vert teke i bruk 1. søndag i advent 2011.

9. Kyrkjemøtet peikar på at det er fyrste gongen det er utarbeidd tekstar for Samefolkets dag og oversender oppmodinga frå Samisk kyrkjeråd om at arbeidet med å omsetje alle tekstane i tekstboka til dei tre samiske språka vert prioritert.

10. Kyrkjemøtet ber om å få saka attende til endeleg vedtak i 2011.

2.handsaming i plenum

Dirigent: Helene Bjerkestrand

Saksordførar: Henny Koppen

Desse hadde ordet:

Henny Koppen, Erling Pettersen, Stein Reinertsen, Bjørn Solberg, Arne Backer Grønningsæter, Harald Hegstad, Lars Erlend Kielland, Solveig Fiske, Arne Tveit, Tor Singasaas, Jens-Petter Johnsen, Wenche Haugen Havrevoll, Jarle Petter Klungrehaug, Egil Morland, Aina Toven Malum, Elisabeth Thorsen

Endringsframlegg til 2. innstilling

Harald Hegstad, 1. forslag:

Bots- og bededag endrer navn til ”bots- og bønnedag”/”bots- og bønnedag”. .

(Føyes inn som nytt strekpunkt under 4c, erstatter strekpunkt nr. 4).

Harald Hegstad, 2. forslag:

Bots- og bededag beholder sin nåværende plassering.

Pkt. 5a i vedtaksforslaget bortfaller.

I pkt. 4c bortfaller strekpunkt nr. 4.

Solveig Fiske

Vedtaks punkt 2:

Kyrkjemøtet ber om at framlegget til tekstboka, med dei endringane som er gjort greie for i komitéinnstillinga, vert sendte til Kyrkjerådet for å arbeidast vidare med.

Nytt: Kyrkjemøtet legg til grunn at tekstboka kvalitetssikrast gjennom ein utprøvningsperiode som omfattar alle tre teksttrekkjene

Det som står etter ”arbeidast vidare med” strykast.

W. H.Havrevoll:

Dnk skal ikkje innføra reformasjonsdagen som særskilt dag i kyrkjeåret.

E Thorsen:

Jeg foreslår følgende tekster holdes sammen:

Første lesetekst: Ordspr. 9,1-6

Andre lesetekst som nå (1 Kor 10, 16-17)

Evangelietekst: Matt 11,16-19.

H. Hegstad:

Forslag 1: Komiteen opprettholder sitt vedtak. Til votering.

Forslag 2: Komiteen opprettholder sitt vedtak. Til votering.

Solveig Fiske: Komiteen viser til direktøren sin utgreiing. Fiske opprettholder sitt forslag. Til votering.

W. H.Havrevoll: Komiteen opprettholder sitt forslag. Havrevoll trakk sitt forslag.

E Thorsen: Komiteen opprettholder sitt vedtak. E.Thorsen opprettholder siste del av forslaget. Til votering,

Votering

S. Fiskes forslag fikk 18 stemmer og falt. Opprettholder sitt forslag.

H. Hegstads 1. forslag fikk 45 stemmer og falt mot 65 stemmer.

H. Hegstads 2. forslag fikk 52 stemmer og falt mot 56 stemmer. Opprettholder sitt forslag.

E. Thorsen: 60 stemmer for, 50 mot.

110 stemmeberettigede

Kyrkjemøtet sitt vedtak

1. Kyrkjemøtet vil streke under at ei ny tekstbok er viktig for Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet viser til at tekstbok og ny bibelomsetjing kjem samstundes og vonar dette vil medføre fornåa fokus på Bibelens vitnemål om Jesus Kristus.
2. Kyrkjemøtet ber om at framlegget til tekstbok, med dei endringane som er gjort greie for i komiteinnstillinga, vert sendt til Kyrkjerådet for å arbeidast vidare med i samsvar med sakshandsamingsreglane for liturgisaker og den prosedyren som Kyrkjemøtet har vedteke for gudstenestereforma.
3. Kyrkjemøtet sluttar seg til dei prinsippa som ligg til grunn for tekstboka og går inn for at ho vert kyrkja si tekstbok frå 1. søndag i advent 2011, med dei endringane som

følgjer nedanfor.

4. Namn og kyrkjeårstider.

a) Kyrkjemøtet legg til grunn at søndagane i kyrkjeåret blir kalla **søndagar i** i staden for den noverande nemninga **søndagar etter**.

b) Kyrkjemøtet legg til grunn at ein skal nytte namna **treeiningssøndag** og **treeiningstida**.

c) Kyrkjemøtet legg til grunn at følgjande søndagar vert gitt nye namn:

- Romjuls søndag; tidlegare søndag etter jul
- Søndag før pinse; tidlegare 6. søndag etter påske
- Aposteldagen / 6. søndag i treeiningstida
- Vingardssøndag / 14. søndag i treeiningstida
- Bots- og bededagen / 20. søndag i treeiningstida
- Domssøndagen / Kristi kongedag

d) Kyrkjemøtet legg til grunn at temadagane får dei namna som er foreslått i Framlegget.

5. Flytting av dagar i kyrkjeåret

a) Kyrkjemøtet ønskjer at Bots- og bededag vert flytta til 20. søndag i treeiningstida.

b) Kyrkjemøtet ønskjer at Vingardssøndagen vert flytta til 14. søndag i treeiningstida

6. Endringar og tillegg i tekstrekkeane.

a) Kyrkjemøtet ber om at det blir sett opp tekstrekke for Lysmesse i adventstida.

b) 2. juledag, 3. rekke: Kyrkjemøtet rår til at Matt 23,34-37 vert erstatta med ein annan tekst

b) 4. søndag i fastetida/2. påskedag: Komiteen ber om ein 4. søndag i fastetida, 2. rekke, les 2 Kor 5,18-21, og at ein 2. påskedag, 3. rekke les 2 Kor. 5,14-19.

b) 3.søndag i openberringstida 2. rekke: Salomos Ordtøke 9,1-5 kjem inn som GT-tekst.

c) Pinseaftan: Kyrkjemøtet ber om at det vert sett opp ei tekstrekke for denne dagen.

d) Treeiningssøndag: Kyrkjemøtet ber om at ein vurderer 5 Mos 6,4-9 som tekst i første rekke, og at ein finn ein annan høveleg plass for Jesaja 42,5-10.

e) Olsok: Kyrkjemøtet ber om at Joh 12,24-26 vert nytta som evangelietekst i 1. rekke.

e) 15. søndag i treeiningstida: Kyrkjemøtet ber om at teksten frå 5 Mos 19 vert utvida til versa 1-6.

f) 16. søndag i treeiningstida. Kyrkjemøtet ber om at tekstene i tredje rekkje vert vurderte på nytt.

g) Kyndelsmesse: Kyrkjemøtet ber om at Sal 121,5-8 vert nytta som poetisk tekst denne dagen.

h) Kyrkjemøtet ber om at det vert sett opp ei tekstrekkje for Reformasjonsdagen, 31.10.

7. Nye forteljingar

a) Kyrkjemøtet ber om at forteljingsteksten på 6.søndag i openberringstida og forteljingsteksten på 6.søndag i påsketida, vert bytta ut med ei anna forteljing

b) Kyrkjemøtet ber om at ein finn plass til desse forteljingane:

- Forteljinga om David og Goliat
- Bryllaupet i Kana
- Jesus stiller stormen

8. Kyrkjemøtet ber om at det blir utarbeidd ein minikanon med hovudtekstar for kyrkjeåret. Kyrkjemøtet ber om at dette arbeidet blir framskunda slik at ein rekk å handsame ein slik kanon i Kyrkjerådet etter reglane om forsøkssaker, innan ny tekstbok vert teke i bruk 1. søndag i advent 2011.

9. Kyrkjemøtet peikar på at det er fyrste gongen det er utarbeidd tekstar for Samefolkets dag og oversender oppmodinga frå Samisk kyrkjeråd om at arbeidet med å omsetje alle tekstane i tekstboka til dei tre samiske språka vert prioritert.

10. Kyrkjemøtet ber om å få saka attende til endeleg vedtak i 2011.

Forslaget endelig vedtatt.

DEL 2 Sakshandsaming

I Kyrkjemøtets vedtak om forretningsorden for handsaming av gudstenestereforma heter det mellom anna: ”Etter Kirkemøtet 2010 oversendes den foreløpig vedtatte hovedgudstjeneste med nattverd, samt dåpsliturgi, teksttrekkjer og alminnelige bestemmelser til Kirkerådet som forestår en behandling i samsvar med Regler for saksbehandling i liturgisaker. Kirkerådet har ansvar for å foreta nødvendig bearbeiding og kvalitetssikring av de innkomne forslag før saken går til Kirkemøtet for behandling og vedtak i 2011.”

Kyrkjerådet har arbeidd med forslaga frå Kyrkjemøtet i 2011 og gjer i det følgjande greie for oppfølginga av dei ulike punkta i Kyrkjemøtet si handsaming av tekstboka.

1. Endringsforslag til vedtaks punkt 2, Utprøvningsperiode

Det ble fremja forslag om eit tillegg til komiteen sitt forslag punkt 2. Endringsforslaget presiserer at tekstboka skal kvalitetssikrast etter ein utprøvningsperiode. Eit tilsvarande forslag vart reist i plenumshandsaminga første gongen og komiteen synte då til den gjennomgangen og eventuelle revisjonen som det er lagt opp til for heile gudstenestereforma.

Forslag frå S Fiske: Kyrkjemøtet legg til grunn at tekstboka blir kvalitetssikra gjennom ein utprøvningsperiode som omfattar alle tre teksttrekkjene.

Forslaget fekk 18 stemmer. Forslaget vart halde ved lag.

Vurdering:

Ein revisjon av tekstboka er ein omfattande prosess. Forslaget som ligg føre har både vore ute til prøving, og til ei brei høyring. Prosessen som har vore gjennomført har vore med tanke på å vedta nye teksttrekkjer, og ikkje å legge fram ei tekstbok for ein ny forsøks- og utviklingsfase. Ei slik mellombels løysing vil gjere innføringa av ny tekstbok vanskeligare og vil mellom anna hemme utvikling av støttemateriell knytta til dei nye teksttrekkjene.

Men det vil vere naturleg at ein går gjennom den nye tekstboka med tanke på kvalitetssikring og eventuelle endringar etter at teksttrekkjene har vore i bruk over ei tid, slik det og skjedde med noverande tekstbok. Det er ikkje naudsynt å fastsette når denne gjennomgangen skal setjast i gong, utover det forslaget som er knytt til heile gudstenestereforma .

Konklusjon:

Kyrkjerådet vil tilrå at vedtaket frå Kyrkjemøtets vert ståande.

2. Namn og kyrkjeårstider, endringsforslag på vedtaks punkt 4c, endring av namn på Bots- og bededag.

Forslaget kjem med framlegg til endring på namn og nemningar på både tider og einskild-dagar i Kyrkjeåret. Endringane har brei støtte både i høyringa og i handsaminga på KM. Det vart reist eitt endringsforslag i høve til komiteen sine forslag til vedtak. Forslaget inneber ei namneendring på bots- og bededag. Forslaget frå komiteen var: Bots- og bededag, 20 søndag i treeiningstida.

Endringsforslag:

H. Hegstad: Bots og bededag endrar namn til ”bots- og bønnedag”/ bots og bønnedag”. Forslaget fekk 45 stemmer (65 stemte imot)

Vurdering:

Bots og bededag er eit innarbeidd namn på denne dagen og har følgd han gjennom ulike plasseringar i kyrkjeåret. Formuleringa ”bededag” kan verke noko gamalmødig og forslaget kan fungere som ei språkleg modernisering av ordet ”bede”. No gir dette tradisjonelle namnet framleis god forståing i norsk språkbruk. Andre samansettingar der ”bede” er nytta har ikkje vorte utsett for endring, t.d. er ”bedehus” ikkje blitt ”bønnehus”. Kyrkerådet vil foreslå at dagens tradisjonelle namn vert halde ved lag.

Konklusjon:

Bots- og bededag vert vidareført som namn på denne søndagen i kyrkjeåret. Namnet er Bots- og bededag/20.søndag i treeiningstida.

4. Flytting av Bots- og bededag, vedtakspunkt 5,a

Forslaget la opp til å leggje Bots- og bededag fast til 20.søndag i treeiningstida. Komiteen leverte ei delt innstilling på spørsmålet om plassering av dagen. 9 stemte for Forslaget, mens 5 stemte for å halde fast på plasseringa av dagen som siste søndag i oktober/søndag før Helgemessesøndag. I plenum ble det reist følgjande endringsforslag:

Endringsforslag Hegstad: ”Bots- og bededag beholder sin nåværende plassering.”
Endringsforslaget fikk 52 stemmer, medan 56 stemte mot.

Vurdering:

Plasseringa av bots- og bededag har vore eit sentralt drøftingstema gjennom heile prosessen med utarbeiding av ny tekstbok. Komiteen framheva at det er gode grunnar både for å halde dagen på noverande plassering og å flytte han til 20.søndag i treeiningstida. Begge alternativa vil vere å halde ein fast dag for bots- og bededag i Kyrkjeåret.

Liknande ordskifte var det ved innføringa av noverande tekstbok, og den gongen då bots- og bededag blei flytta frå fredag til søndag på trass av stor kyrkjeleg motstand. Ein årleg bots- og bededag vart først endelig fastlagt for den dansk-norske kyrkja 1686, og då til 4. fredag etter påske. I 1916 flytta ein dagen frå våren til fredag før Helgemesse. Etter eit omfattande ordskifte i Stortinget 1950, la ein dagen til søndag før Helgemesse. Denne plasseringa av bots - og bededag på ein søndag, er ei særnorsk ordning.

Eit viktig argument for at plasseringa av Bots- og bededag i høve til Helgemessesøndag og Reformasjonsdagen (31.10) er at denne plasseringa gir ein særleg verdifull dynamikk mellom bot og håp/forløysing.. Mot dette har ein halde fram at dynamikken mellom Bots- og bededag og Helgemessesøndag også kan vere krevjande og er med på å gjere Helgemessesøndag enno meir samansett enn det han er i dag. Noko av den gode dynamikken verte iveretatt av dei nye tekstane som er foreslått på Refomasjonsdagen. I tillegg er det ei rekkje praktiske utfordringar knytt til å få to faste søndagar som grip inn i tekstane for Kyrkjeåret og dermed fører til at mange sentrale tekstar fell bort. Mellom anna vil teksten om den rike bonden falle bort på fem av ti gonger den komande 30 års bolken.

Høyringa gav støtte til Framlegget-2008 som la Bots- og bededagen til 20.søndag i treeiningstida (60% for flytting, 30% mot). Støtta til endringa var sterkare frå prøvekyrkjelydane og andre kyrkjelydar som gav høyringssvar (70 for flytting, 25 mot). Det er gjort greie for argumentasjon i eit eige notat til handsaming i Kyrkjemøtet i 2010. Vedlegget følgjer også med i denne saka.

Konklusjon:

Kyrkjerådet held fast på forslaget om at Bots og bededag blir lagt til 20.søndag i treeininga og vert kalla Bots- og bededag, 20 søndag i treeininga.

3. Endringar og tillegg i tekstrekkjene, vedtakspunkt 6.

Til 6A -1 Tekstrekkjer for Lysmesse i adventstida:

Tekstane for adventstida har vore gjenstand for mykje debatt i utgreiingsarbeidet. Dels har dei einskilde adventssøndagane lange tradisjonar for tema og tekstar. Tekstane er prega av forventning, men også av bot og omvendning. Døyparen Johannes har prega tekstane på to av adventssøndagane. I drøftinga kom det fram at tilhøvet mellom tekstane på dei ulike søndagane og adventstida si samtidige karakter av juleførebuing og forventning er ei utfordring og at det er grunn til å ha ei tekstrekkje som ei ressurs for lysmesser i adventstida. Framlegget kjem med rekkje endringar i adventstida, særleg knytt til 2.søndag i advent som gjennomgåande har nye rekkjer, og også 4.søndag i adventstida som har fått karakter av ”søndag for jul” ved at tekstane kastar ljøs over Maria som skal føde. I mange kyrkjelydar blir det feira lysmesser i adventstida. Tekstboka – og heller ikkje Framlegget har hatt tekstrekkjer for slike gudstenester.

Kyrkjemøtets vedtak: Kyrkjemøtet ber om at det blir sett opp tekstrekkjer for Lysmesse i adventstida

Vurdering:

Tekstrekkjer for lysmesse i Adventstida er et godt bidrag til heilskapen i Adventstida. Det er også verdt å merke seg at Framlegget for første gong kjem med egne tekstar for Kyndelsmesse (2.februar). Der finn ein tre rekkjer. Den første hentar opp tradisjonstekstane for Kyndelsmesse – Framberinga i tempelet. Kyndelsmesse har også i tradisjonen utvikla seg til ei lysmesse (kyndel – lys). Tekstane i andre og tredje rekkje i Framlegget er lysmessetekstar: Tekstane for Kyndelsmesse:

I	I Sam 1,21-28	Hanna får Samuel
---	---------------	------------------

	<i>1 Joh 1,1-4</i>	<i>Livsens ord</i>
	<i>Luk 2,22-40</i>	<i>Jesus blir bore fram i tempelet</i>
<i>II</i>	<i>Salme 119,101-105</i>	<i>Eit ljøs på min stig</i>
	<i>1 Joh 2,7-13</i>	<i>Det sanne ljøs skin alt no</i>
	<i>Luk 1,76-79</i>	<i>Gjesta oss som ein soloppgang</i>
<i>III</i>	<i>Salme 89,12-18</i>	<i>vandre i ljøset</i>
	<i>Op 22,1-7</i>	<i>Herren Gud skal lysa</i>
	<i>Joh 8,12</i>	<i>Eg er ljøset for verda</i>
<i>F</i>	<i>Luk 2,22-40</i>	<i>Jesus blir bore fram i tempelet</i>

Kyrkjerådet går inn for at det blir utvikla ei første rekkje til ein ny temadag for lysmesse i Adventstida og at rekkje to og tre er felles med Kyndelsmesse. Det er i dag svært mange fleire kyrkjelydar som feirar lysmesse i Adventstida, enn det er kyrkjelydar som feirar Kyndelsmesse. Eit alternativ kan være at ein set opp berre ei rekkje for Kyndelsmesse (1. rekkje) medan ein ny temadag for lysmesse i adventstida får ny første rekkje og tek 2. og 3. rekkje over frå Kyndelsmesse.

Det har og vore vurdert å utvikle tekstforslag ut frå ulike tradisjonar med ni eller sju lesingar, jf. anglikanske tradisjonar som særleg har vore knytt til advents- og juletida, samt oldkyrkja sine nattlege lesingar ved dei store høgtidene. Slike opplegg krev innarbeiding i ein liturgi og Kyrkjerådet oppmodar om at slike opplegg blir utvikla som ressursmaterieil for kyrkjelydane og at dei ikkje høver som ein del i Tekstboka.

Ei slik første rekkje for lysmesse i adventstida søker særleg å kombinere adventstida med lysmotivet:

Jes 42,5-6 Eit ljøs for folkeslaga. (Forslag på 2. søndag i Op I)

2 Kor 4,6 Ljøset i hjarto våre (Også på Kr Op III, som har vers 1-6)

Joh 1,9-12 Ljøset kom til verda (Ikkje i forslaget elles)

Konklusjon:

Kyrkjerådet går inn for tre rekkjer for temadag Lysmesse i adventstida. Rekkje to og tre er felles med Kyndelsmesse.

<i>I</i>	Jes 42,5-6	Eit ljøs for folkeslaga
	2 Kor 4,6	Ljøset i hjarto våre
	Joh 1,9-12	Ljøset kom til verda
<i>II</i>	<i>Salme 119,101-105</i>	<i>Eit ljøs på min stig</i>
	<i>1 Joh 2,7-13</i>	<i>Det sanne ljøs skin alt no</i>
	<i>Luk 1,76-79</i>	<i>Gjesta oss som ein soloppgang</i>
<i>III</i>	<i>Salme 89,12-18</i>	<i>vandre i ljøset</i>
	<i>Op 22,1-7</i>	<i>Herren Gud skal lysa</i>
	<i>Joh 8,12</i>	<i>eg er ljøset for verda</i>
<i>F</i>	<i>Luk 2,22-40</i>	<i>Jesus blir bore fram i tempelet</i>

Til 6b1 – Ny tekst til 2.juledag

Kyrkjemøtet bad om at teksten Matt 23,34–37 vart erstatta med ein annan tekst.

Vurdering:

Tekstane på 2.juledag er knytt til Stefanusdagen og er ein martyrsøndag. Vedtektene opnar for at dersom det ikkje er gudsteneste første juledag kan tekstane for førstedagen bli nytta 2.juledag og dagen vert feira som juledag. Teksten som er henta fram held fast ved dagens karakter, går saman med dei andre tekstane for dagen, og er ikkje elles representert i Framlegget.

Konklusjon:

Teksta frå evangeliet på 2.juledag,tredje rekkje, Matt 23,34–37, vert erstatta med Joh 16,1–4a (ny)

2julIII	III	Klag 3,52-57
2julIII	III	Fil 1,27-30
2julIII	III	Joh 16,1–4a

Ad 6b2 – Endring 4.søndag i fastetida/ 2.påskedag-

Vedtaket: 4. søndag i fastetida/2. påskedag: Komiteen ber om ein 4. søndag i fastetida II les 2 Kor 5,18-21, og at ein 2. påskedag III les 2 Kor. 5,14-19.

Vurdering:

Dette er ei uproblematisk og tenleg endring.

Konklusjon:

Endring av avgrensing av tekstar frå 2 Kor 5 på 4. søndag i fastetida II og 2. påskedag III:
4. søndag i fastetida II: 2 Kor 5,18-21
2. påskedag III: 2 Kor 5,14-19

Til 6b3 3.søndag i openberringstida og forslag frå E. Thorsen

3.søndag i openberringstida II: Salomos Ordtøke 9,1-5 kjem inn som GT- tekst.

Visdommen innbyr til måltid.

Dette vert teke som eige punkt, sjå handsaminga av 6f -_Endring i tredje rekkje 16.søndag i treeingstida.

Til 6c – Tekstrekke for Pinseaftan

I Framlegget var tekstrekkeja for pinseaftan tatt ut på grunn av at dagen var svært lite i bruk. Endringa har sterk støtte i høringa. Kyrkjemøtet ber om at det vert sett opp ei tekstrekke for denne dagen.

2 Mos 24,3 – 11 (ny)

Ef 2, 17-22 (også 5.s i påsketida III)

Joh 7,37-39 (også 2. pinsedag III)

Konklusjon:

Kyrkerådet legg fram ny tekstrekke for pinseaftan

Pinseaft	I	2 Mos 24,3 – 11
----------	---	-----------------

<i>Pinseaft</i>	<i>I</i>	Ef 2, 17-22
<i>Pinseaft</i>	<i>I</i>	Joh 7,37-39

Ein treng ikkje sette opp forteljing denne dagen.

Til 6d – Endra tekst på treeiningssøndagen

Kyrkjemøtet bad om at ein vurderer 5 Mos 6,4-9 som tekst i første rekkje, og at ein finn ein annan høveleg plass for Jes 42,5-10.

Vurdering

Dette er eit forslag som greitt let seg gjennomføre. Det fører til at Jes 42,5–10 går ut. Jes 42,1-4 er satt opp på 2. søndag i openberringstida I. Teksten kan der utvidast til vers 6. Resten av 42,5-10 (vers 7-10) er m.a. på 1. søndag i advent, II. Forslag; 2. søndag i openberringstida I: Jes 42,1-6. Då er Jes 42,5–10 ivaretatt i tekstboka. Forslaget frå KM fører også til tre dubletter av 5 Mos 6,1-9. Det blir dermed eit framlegg om at teksten på 8. søndag i treeiningstida III vert erstatta med Jos 22,1-6 (Ny).

Konklusjon:

Treeiningssøndagen, Jes 42,5–10 går ut. 5 Mos 6,4-9 går inn som ny tekst 2.søndag i openberringstida, Teksten frå Jes 42 utvidast til Jes 42,1–6 8.søndag i treeiningstida III vert 5 Mos 6,4–9 erstatta med Jos 22,1–6

Til 6d – Ny evangelietekst på Olsok

Kyrkjemøtet bad om at Joh 12,24-26 vert nytta som evangelietekst i 1.rekkje.

Vurdering:

Dette fører med seg at Joh 21,15-19 går ut og vert erstatta med Joh 12,24–26. Joh 21,15-18 er også satt opp 3. søndag i openberringstida III.

Konklusjon:

Olsok: Ny tekst evangeliet første rekkje: Joh 12,24-26. Teksten erstattar Joh 21,15-18

Til 6e – Utviding av vers på 15.søndag i treeingstida

Kyrkjemøtet ber om at teksten frå 2 Mos 19 vert utvida til versa 1-6.

Vurdering:

God endring.

Konklusjon:

Ny tekst II 15.søndag i treeiningstida 2 Mos 19,1-6

Til 6f– Endring i tredje rekkje 16.søndag i treeingstida og innarbeiding av endringsforslag frå E. Thorsen.

Kyrkjemøtet bad om at tekstane i tredje rekkja på 16.søndag i treeiningstida vert vurderte på nytt. Kyrkjemøte handsama også eit endringsforslag frå E.Thorsen om å halde saman

tre tekstar om visdomen. Kyrkjerådet har vurdert disse endringane og finner det tenleg å handsame dei i same avsnitt.

Endringsforslag/vedtak:

Endringsforslag frå E.Thorsen, vedtatt med 60 stemmer:

Jeg foreslår følgende tekster holdes sammen:

Første lesetekst: Ordspr. 9,1-6

Andre lesetekst som nå (1 Kor 10, 16-17)

Evangelietekst: Matt 11,16-19.

KM vedtak punkt 6f:

16. søndag i treeiningstida. Kyrkjemøtet ber om at tekstene i tredje rekkje vert vurderte på nytt.

Vurdering:

Forslaget frå E. Thorsen var ved første gangs plenum reist som endringsforslag til 4.søndag i faste. Komiteen følgde ikkje dette forslaget ved å vise til at tredje rekkje i 4.søndag i faste vidarefører ”brød- perspektivet” frå noverande midtfastesøndag. Dei to første rekkjene vidarefører ”pasjonsperspektivet” frå den gamle 5.søndag i faste, pasjonssøndagen. Tredje rekkje er no det einaste sporet av noverande midtfastesøndag, 4.søndag i faste. Temaet ”livets brød” var det sentrale temaet på denne dagen. De kan la set gjere å erstatte ein av de to første rekkjene med forslaget fra E.Thorsen. Men det er lite tilrådeleg då det i desse to rekkjene er sentrale tekster med lang tradisjon på den siste fastesøndagen som bør vere med i Tekstboka.

Framleggets forslag til 4.søndag i faste:

4sifI	I	1 Mos 22,1-14	Gud ville setja Abraham på prøve
4sifI		Hebr 4,14-16	Jesus bar fram eit offer
4sifI		Joh 11,45-53	Eitt menneske døyr for folket
4sifII	II	4 Mos 21,4-9	Koparormen
4sifII		2 Kor 5,19-21	Forsoningstenesta
4sifII		Joh 3,11-16	Så høgt har Gud elska verda
4sifIII	III	5 Mos 8,2-3	Kom i hug korleis Herren din Gud førte deg i øydemarka
4sifIII		1 Kor 10,16-17	Vin og brød gir del i Kristus
4sifIII		Joh 6,24-36	Eg er livsens brød

KM-komiteen såg derimot eit høve til å ivareta forslaget med Ordt 9,1-5 ved å leggje han inn som GT tekst i 2. rekkje i 3.søndag i Openberringstida. Dette vert uttrykt i vedtaks punktet frå KM, 6b3. KM-komiteen heldt fast ved forslaget sitt.

Forslaget fra E.Thorsen let seg ikkje kombinerast med innstillinga frå KM-komiteen om å hente inn Ordt 9,1-5 andre rekkje på 3.søndag i Openberringstida, slik at desse tekstane vert haldne saman og erstattar alle dei tre tekstane i II rekkje på 3sio

3siå	II	Jes 55,1-3 Komiteforslag: Ordt 9,1-5	Alle som tørstar, kom hit
3siå	II	Op 22,16-17	Livsens vatn
3siå	II	Joh 4,4-26	Kvinna ved brønnen

Ein kan sjå om det er andre stader i tekstboka ein slik tekstkombinasjon kan innpassast. Ein høveleg stad synes å vere KM vedtak 6f som ber om ei ny tekstrekke III i 16. søndag i treeiningstida.

Vurdering av mulige endringar 16.søndag i treeiningstida.III:

KM bad om at ei ny rekkje III vart utarbeidd.

Tekstane for 16.søndag i i treeiningstida. Framlegget 2010.

16sitI	I	Salme 40,2-6	Eg venta og vona på Herren. - sette mine føter på fjell, la ein ny song i min munn
16sitI		Rom 8,19-23	Håpet om herlegdom
16sitI		Mark 7,31-37	Den døve som hadde vondt for å tala
16sitII	II	Salme 90,13-17	Vend tilbake, Herre! Kor lenge?
16sitII		1 Pet 4,12-19	Men om de lid for rettferd skuld, då er de sæle
16sitII		Matt 5,10-12	Sæle dei som blir forfølgde for rettferd skuld
16sitIII	III	Salme 13,2-6	Kor lenge, Herre? Vil du gløyme mg for alltid?
16sitIII		Op 2,8-11	Ver ikkje redd for det du skal lida! Djevelen kjem til å kasta nokre av dykk fengsel for det skal setjast på prøve,
16sitIII		Luk 13,1-5	Vend om! Men vender de ikkje om skal alle omkoma på same måten.

Det er særleg evangelieteksten og teksten frå Openberringa som skapar utfordringar til kombinasjonen av denne rekkja. Det er greidd ut tre alternative måtar å løyse denne utfordringa på:

a) Ny tekstrekke utan kombinasjon med forslaget frå E. Thorsen.

Samansettinga av tekstane på 16.søndag i treeininga er nye og hentar fram tekstar om lengt og klage. Tekstane frå Det nye testamentet i den tredje rekkja Luk 3,1-5 og Op 2,8-11 bryt med tematikken og ei høveleg erstatning for evangelieteksten kan vere Joh 4,45-54, teksten om den kongelege embetsmannen i Kapernaum. Denne er ikkje med i Framlegget, men i noverande tekstbok på 3.søndag e Kr Op.

Teksten har ein god dialog med dei andre rekkjene 16. søndag og også Sal 13 som er sett opp i tredje rekkje.

Ei høveleg erstatning av Op 2,3-11 er Hebr 4, 12 -16. Han fins i tekstrekke frå andre kyrkjer saman med Salme 90, som er salmen frå 2.rekkja. (Salme 13,2-6 fins berre i Framlegget for Dnk). I Framlegget finn ein elles Hebr 4, 14-16 på 4 s søndag i faste I. Det vil vere ein stor gevinst å få Hebr 4,12-14 med i Tekstboka.

Eit anna alternativ vil vere å ta ut Rom 1,16-17 på Såmannssøndagen og ta Hebr 4,12-14 inn på denne dagen – Rom 1,16-17 er og på 13.søndag i treeininga i III rekkje.

Ny tredje rekkje på 16.søndag i treeiningstida:

16sit	III	Salme 13,2-6
16sit	III	Heb 4,12-16
16sit	III	Joh 4,45-54

b) Ny teksttrekkje i kombinasjon med forslaget fra E.Thorsen.

I denne tredje rekkja på 16sit let det seg gjere å etterkomme oppmodinga frå plenum om å finne ein stad kor ein held dei to tekstane om Visdomen saman.

Tematisk er det gode berøringspunkt mellom den lengten som desse tekstane har og temaet i de to første rekkjene. Verken Ordt 9,1-5 eller Matt 11,16-19 er elles representert i Framlegget, medan 1 Kor 1, 18-25 er tekst for Fastelavenssøndag andre rekkje. I andre kyrkjer lyd denne teksten fleire gonger og han er i god dialog med dei to andre forslaga.

KM-komiteen slutta seg til det som er skrive i sakshandsaminga om inkluderande språk / tekstutval . Det kan vere ei god løysning å hente inn Visdomen inn i ei ny teksttrekkje for 16.søndag i treeiningstida som har ”Gud gav folket manna i ørkenen” som forteljingstekst og lengt og klage som tema. ”Men kva skal eg likna denne ætta med.(...) vi song klagesongar men de ville ikkje sørgja (...)

Samstundes kjem det forslag om å erstatte Sal 90,13-17 i II rekkje med Sal 13,2-6 fra III rekkje, som elles ville falle ut av Tekstboka. Salme 13 vert rekna som ein av hovedtypane for klagesalmar og teksten vil vere i god dialog med de to tekstene eller i II rekkje.

c) Ny teksttrekkje på 16sit og endringsforslaget frå E.Thorsen på 4sif

Protokollen kan tyde på at det endringsforslaget er knytta til tekstar i 4sif. Då vil GT og evangelieteksten verte bytta ut med forslaget sine tekstar frå Ordt 9,1-5 og Matt 11. Endringane i 16sit er då uavhengig av Thorsen sitt forslag og vert løyst som i alternativ A

Det gir seg tre hovudalternativ:

Alt A i tråd med KM-komiteens forslag:

- 1) 4.sifaste som F2010
- 2) Halde fast ved komiteens forslag om å ta inn t Ordt 9,1-5 til 3.siop II som erstatning for Jes 55,1-3
- 3) Ny rekkje 16sit, Sal 13, Hebr 4,12-16, Joh 4,45-54

Alt B Kombinasjon av høve til å halde tekstane frå Ordt 9,1-5 saman med Matt 11,16-19 og ny rekkje III for 16sit.

Denne løysinga vil Kyrkjerådet tilrå.

- a) 4. sifaste som F2010
- b) Ny rekkje 16sit Ordt 9,1-5; 1.Kor 1,18-25; Matt 11,16-19
- c) Halde fast ved Jes 55,1-3 som GT tekst på 3siop

Alt C Forslag frå E.Thorsen

- a) Tredje rekke 3sif vert erstatta av ny rekkje i tråd med E.Thorsen.
- b) Ny rekkje 16sit, Sal 13, Hebr 4,12-16, Joh 4,45-54
- c) GT tekst rekkje II på 3 siop II vert ståande, Jes 55,1-3

Konklusjon:

Det blir lagt fram ny tredje rekkje på 16.søndag i treeiningstida som erstattar tredje rekkje i Framlegget:

Ny rekke:

<i>16sit</i>	<i>III</i>	<i>Ordt 9,1-5</i>
<i>16sit</i>	<i>III</i>	<i>1.Kor 1,18-25</i>
<i>16sit</i>	<i>III</i>	<i>Matt 11,16-19</i>

- b) Salme 13,2-6 erstattar Sal 90,13-17 i II rekkje, 16.søndag i treeiningstida.
- c) Jes 55,1-3 vert ståande som GT tekst på 3siop

Til 6g Kyndelsmesse:

Kyrkjemøtet ber om at Sal 121,5-8 vert nytta som poetisk tekst denne dagen.

Vurdering:

salmen høve godt til denne dagen

Konklusjon:

Ny poetisk tekst på Kyndelsemesse: Sal 121,5-8

Til 6h Tekstrekkje for Reformasjonsdagen.

Vedtak:

Kyrkjemøtet ber om at det vert sett opp ei tekstrekkje for Reformasjonsdagen,

Vurdering:

Fleire tekstar har vore til vurdering. Forslaget legg opp til tekstar som på ein særleg måte kan knytast til reformasjonen og som –i den grad det er mogeleg – ikkje dublerer andre tekstar i tekstboka

Forslag:

Salme 46,1-8 (evt 4) Vår Gud han er så fast ei borg (Ein av dei mest kjende salmane til Martin Luther NoS 295, som han skreiv etter salme 46.)

Rom 1,16-17, Guds rettferd, eller Hebr 4,12-13 Guds ord er levande (ny) eller Joh 1,16-17 Nåde og sanning (overlapping med vers 15-18 på 3siop III)

Rom 1,16-17 har av mange vorte rekna som hovudordet knytt til Luthers tårnopleving. Teksten er nytta to gonger i Framlegget: Såmanssøndagen I og 13.s.i treeiningstida III. Også Hebr 4,12-13 har vore oppe til vurdering ut frå reformasjonens sterke fokus på Ordet. Denne teksten er ikkje representert i tekstboka, men er i dette dokumentet foreslått som tekst til 16.sit III. Det bør sikrast at denne blir representert på ein av stadene.

Forslaget som følgjer er at

- a) Rom 1,16-17 blir tekst på reformasjonsdagen

b) Hebr 2,12-13 erstattar Rom 1,16-17 på Sámannssøndag I

Forteljingstekst: 1 Sam 17,3-11.37-50 David og Goliat. Det er allereie fire David forteljingar blant forteljingstekstene. Ei forslag er at den femte blir liggjande her – alternativt kan han erstatte ein av dei andre David forteljingane.

Forslag til poetisk tekst: Salme 46

Konklusjon:

a) Det vert ein ny temadag i Kyrkjeåret og Tekstboka med namnet: Reformasjonssundagen. Dagen har ei tekstrekke:

I Sal 46,1-8

I Rom 1,16-17

I Joh 1,16-17

P Sal 46

F 1 Sam 17,3-11.37-50

b) Endring på Sámannssøndagen: Hebr 4,12-14 erstattar Rom 1,16-17

Til 7, nye forteljingar

Kyrkjemøtet bad om at ein fann plass til tre nye forteljingstekstar:

- Forteljinga om David og Goliat, sjå vurdering av Reformasjonssøndagen
- Bryllaupet i Kana
- Jesus stiller stormen

Konklusjon:

6. søndag i openberringstida, Mark 4,35-41 Jesus stiller stormen erstattar Luk 12,35-40

6. søndag i påsketida, Joh 2,1-11 Bryllaupet i Kana, erstattar 1 Krøn 28,1-21.

Reformasjonsdagen, 1 Sam 17,3-11.37-50 David og Goliat

Til punkt 8, Minikanon med hovudtekstar for kyrkjeåret.

Kyrkjemøtet bad om at det vert utvikla ein ”minikanon” med hovudtekstar for kyrkjeåret. Dette særleg med tanke på kyrkjelydar med sjeldan gudstenester. Det er sett i gong eit slikt utviklingsarbeid som vil følgje regelverket for liturgiske forsøkssakar. Ein tek sikte på at denne rekkja er tilgjengeleg innan 1.søndag i advent 2011.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Innkjøp av bøker

I samsvar med Gudstenesteboka sine avgjerder, fastsett ved kongelege resolusjonar 1977 - 1990, skal det vere fire sett av dei liturgiske bøkene i kvar kyrkje. I eit rundskriv frå Kyrkjedepartementet 7. juni 1992 (F-57-92 og F-58-92) til presteskapet/ sokneråda og til kommunane er dette endra til *tre sett* i alle kyrkjer. Etter at Kyrkjelova vart innført, vil denne kostnaden tilfalla Fellestrådet.

Tidlegare vart eitt sett av liturgibøkene send ut av departementet, og kostnaden dekkja av statsbudsjettet. I eit brev av/frå 10. juli 1996 har departementet uttala at "utgifter til tillegg til de liturgiske bøker vil for fremtiden måtte søkes dekket innenfor de budsjetttrammer som er gitt bispedømmerådene". Inntil vidare reknar ein med at desse retningslinjene framleis gjeld.

Ved innføring av gudstenestereforma bør Fellesrådet sjå til at den nye tekstboka finst i tre sett i kvar kyrkje, i tillegg bør dei tilsette som treng det, få ei utgåve kvar. Tilsvarande vil Bispedømmerådet skaffe bok til kvar prest.

Kurs - informasjon

Innføring av ei ny tekstbok inneber at Kyrkerådet vil gi informasjon og rettleiing til dei tilsette i bispedømmeråda. Dette går inn i den vanlege samarbeidsprosedyren og krev ingen ekstra kostnad.

Tilsvarande bør dei tilsette i bispedømmeråda gje informasjon og rettleiing til prostar og daglege leiarar i prostedistrikta. Ein ser for seg at også dette kan vera ein del av dagleg drift.

Ei ny tekstbok vil kunne gje kyrkjelydane ny inspirasjon til å høyre Guds ord og kalla nye frivillige medarbeidarar til oppgåva som tekstlesarar. Kyrkerådet oppfordrar kyrkjelydane til halde kurs for tekstlesarar, slik at kvaliteten på framføringa kan verte så god som mogleg.